

Nr. 10 desember 2006



# Bygdabladet

for BOKN



Luciafest s. 6



Fin stund på biblioteket  
Les meir s. 4



Spreke pensionistar  
Les meir s. 9



Utviding og oppussing av helsestasjonen  
Les meir s. 15



## RDFØRAREN RDET

### Budsjett 2007

Kommunestyret har nå vedtatt budsjettet for 2007. Alle partia var godt fornøgde med det framlagte budsjettet frå rådmannen, og det blei berre gjort små endringar på budsjettet utover rådmannen sitt forslag.

Debatten bar preg av stor einigkeit og låg temperatur, men nokre endringar samla med oss om; Kr. 100.000,- i planleggingsmidlar til barnehagen og trafikksikringstiltak blei tatt ut og prosjektet "Kjekt på Bokn" blei styrka med 100.000,- kr., tilskott til lag og organisasjoner blei auka med 30.000,- kr og det blei avsett 10.000,- kr. til ny varmvassstank på sjukestova.

Kommunestyret vil òg fikse opp og asfaltera uteområdet ved Kyrkjebygda aktivitetshus og langs steingarden ved kyrkjegården.

Dei kommunale avgiftene aukar med 3% med unntak av vassavgifta som aukar med 4%, noko som er lågare enn lønns- og prisauken.

I tillegg har kommunestyret bedt om ei sak på korleis ein best kan sikra nødstraum til Boknatur og ei sak om arbeidsmiljø og tiltak i kommunen.

Destinasjon Haugaland, regionen sitt reiselivsselskap, er vedtatt opphört og eit nytt aksjeselskap er planlagt stifta 18/12 for å ein mykje sterkare og samlande satsing på reiseliv på Haugalandet. Bokn kommunestyre har vedtatt å være med på satsinga og går inn med 25.000,- kr.

Det var kjekt at dette kommunestyre, som vedtok sitt siste budsjett, kunne gjere det samrøystes. Etter min

meining viser dette at det er stor einigkeit om drifta og utviklinga til Bokn kommune, noko eg trur er svært viktig skal me lykkast i framtidia.

Bokn kommunestyre vil vere med på eit samarbeidsprosjekt innan nærings- og bygdeutvikling saman med Fylkesmannen, innovasjon Norge Rogaland og kommunane på Haugalandet. Hovudarbeidsområda vil bli omstillinga og nye næringar innan landbruket.

Etter nye krav frå departementet må kommunen laga ein barnehageplan for å visa korleis mål om full barnehagedekning innan 2007 skal bli nådd.

Kommunestyret har vedtatt ein barnehageplan og ber rådmannen greie ut alternative løysingar for utviding av barnehagekapasiteten viss der blir behov for det.

Det var og ein gjennomgang av opningstider og betalingssatsar sett opp mot kontantstønaden.

Kommunen fann ikkje nå å kunne endre på opnings-tider eller betalingssatsar, og det blir som før med ein endring av satsane frå 1/8-07.

### Tilbakelagt stadium

Sjølv om året har vore prega av ueinigkeit i kommunesamanslåingsdebatten føler eg det er eit tilbakelagt stadium og at alle ser framover og gjer det dei kan for ei god utvikling for lokalsamfunnet på Bokn.

Utviklinga i folketaket ser positivt ut og me får arbeide for og håpe at det vil fortsette i 2007.

Med dette vil eg ønske alle ei fredeleg og god jul og eit godt nyttår.

Svein Ove

## Stor givarglede ved Aksjon Håp

Leiv Våga

Me var litt spente på førehand. Vart dette litt tett inn på TV-aksjonen? Men all min skepsis til skamme. Det var med eineståande givarglede me vart møtt med sundag 10. des. Mange stod klar med setlane i handa like innafor døra, hadde eg inntrykk av.

Tusen takk, boknarar, for at de var med å gi håp for framtida til mange menneske i den fattige verda.

Tusen takk til dykk, bøssebærar. Det var så gildt å sjå kor glade de var over å vera med.

Tusen takk til redaktøren for Bygdabladet som sørja for den aller beste kunngjeringa for aksjonen.

Tusen takk til SR-Bank som tok i mot og talde opp pengane same ettermiddagen. Spenstig gjort!

Må Gud signe dykk alle, glade givarar og de som

deltok med eit gjeremål.

*Jesus seier: "Sanneleg det seier eg dykk: Det de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg"* Matteus 25, 40.

### Helsing kommunekomiteen for AKSJON HÅP i Bokn



# Kjære lesar

## Eit tilbakeblikk

Bygdabladet har i 2006 sjølv sagt hatt god dekning av kommunens samanslåingsprosessen, som endte i folkeavrösting 18. september. Det skriftlege engasjementet i form av debatt under "ordet fritt" tok aldri heilt av. Litt overraskande kanskje, eller kanskje ikkje når ein tenker på at nærmere 80% stemde nei. Som eg har vore inne på før, trur eg mange hadde bestemt seg tidleg i prosessen.

I årets første utgåve kunne me opplysa om at me hadde to legar, både kommunelege og fastlege. Alt var bare velstand, men ikkje lenge dessverre. Sjukemeldingar gjorde at legebesøk i store deler av året blei meir strabasiøse enn det boknaren er van med frå Boknatun. No er kommunen tildeilt ein heil legeheimel, og kommunelegestillinga er under utlysing med søkeradsfrist 10. januar.

## Næringsliv

Bladet fylgjer også godt med på næringslivet i kommunen. Allerede i februar skreiv me om at Bokn Seafood AS skulle etablera krabbemottak i Knarholmen.

I mars fortalte me at Bokn Plast A/S hadde medvind med Miljørelatert produksjon der dei laga konstruksjonar til vindmøllehus.

Den ny hallen til Bokn Plast nærma seg ferdigstilling, og nyleg fekk HighComp AS, bedrifta med utspring i "Plasten", kreativitetsprisen 2006.

Me hadde også reportasje om at Bokn Bufellesskap var 10 år i mars, og i april gjorde me kjent at fleire bedrifter ville ha tomt i Knarholmen. Dette var Heskja Plate- og Sveis DA, Bokn sjøservice og Wee-gruppen.

I forrige nr. kunngjorde me også at Heskja Plate- og Sveis DA kunne tenka seg å etablera seg på land, i sør-vestre del av fiskerihavna.

I september kunne Bygdabladet mæda at Coop bokn fusjonerte med Coop Haugaland i ekstraordinært årsmøte 24. august.

## Sport

Det er fantastisk at 72% av skule-elevane i Bokn spelar fotball, og dekninga av dette, i form av kampoppsett, kampreferat og lagpresentasjonar hadde blitt mange og spennande dersom fleire hadde gjort ein innsats her. Bygdabladet har ikkje sjanse til å fylgja opp alle desse laga utan godt samarbeid med apparata rundt laga. Kanskje noko å tenka på foran neste sesong?

Forutan artiklar om Bokn skyttarlag, Hegren sportsdanskeklubb og BORK, sistnemnde med flottsprangridingsstemme på Torland 28. mai, har me skrive om travhesten "Ognøy Sjefen" sine bragder på travbanen.

Bokn idrettslag sin motorklubb, Pluggen, arrangerte kretsmeisterskap i trial i Knarholmen 17. juni. Denne store hendinga fekk ein fyldig rapportasje.

Martin Trosnavåg har også fått fortent merke som, som samanlagt kretsmeister 2006 og niande plass i Norgescupen.

## Gavmild kommune

Bygdabladet vil sjølv sagt vera med og visa at boknarane er i landstoppen i innsamlingsaksjonar. Glimrande resultat, både frå Krafttak mot kreft 08.03, TV-aksjonen 22.10 og Aksjon Håp 10.12 gjer oss ikkje berre stolte, men styrkar også samhaldet og identiteten til boknararne!

SR-Bank Bokn er også gavmilde. Blant fleire gåver i løpet av året vil eg trekka fram 15.000 til Soknerådet i mars, til pianokjøp. Med hjelp av ei privat gave blei pianoet tatt i bruk på hausttakkefesten i kyrja 01.10

Mars var også månaden med skikkeleg fokus på fugleinfluenta, men dette stilna av etterkvart som året gjekk. Ting tyder vel på at det kjem att.

22. mars fekk kommunen ei ny velforening i Austre Bokn Bygdalag. Austre Bokn hadde også ei helikopterulukke den 30. i same månaden, der Bokn brannvesen gjorde ein flott innsats.

## Kultur

er ikkje mangelvare i bladet. Allerede i mars kunne me fortelja at Kjetil Hamre hadde samla 55 stk. av dikta sine, der dei aller fleste har stått i Bygdabladet opp gjennom åra. Diktsamlinga kom ut i slutten av november.

Bokn båtforening sitt båtprosjekt blei realisert og båtane blei ferdige til nasjonaldagen. Boknabåtane blei laga med påsketider på Ryfylke Trebåtbyggjeri, og blei eit vakkert syn under kapproina på 17. mai (**Sjå også s. 16.**).

I forrige nr. skreiv me også at arbeidet med ei kultursoge truleg kan starta til neste år. No er det klart at det er sett av kr. 250.000 på 2007-budsjettet og Bygdabladet ser fram til å vera med på prosjektet.

Blant "kosestoff" kan nemnast hubroen på Sæbø som pinseafsta blei funnen av Marie Vågshaug. Denne er fortsatt hos matfar Ottar Borgenvik (**sjå s. 14.**).

I mai-utgåva hadde me bilder av nye leikeapparat. Ein kunne nesten høyra ungane sine gledeshyl over klatrestativ m/hus, klatrevegg då ein såg dei bildene. På hausten kom det også opp ein ballvegg, faktisk fleire gonger, etter at vandalar hadde gjort sitt. Føresvik nærmiljøanlegg er eit stort prosjekt som er basert på dugnads-

arbeid. Me kan nok vera samde om at dugnadsånda til no kunne vere betre i dette prosjektet.

Ballbingeprosjektet i Havnavegen har ikkje hatt problem med dugnadsmobiliseringa. Bygdabladet var sjølv sagt på plass under den storstilte opninga 08.06.

## "Kjekt på Bokn"

Eit anna storprosjekt som er basert på dugnad er "Kjekt på Bokn", der det blei kunngjort tidleg på året at dette var den nye kommunevisjonen, og det var oppstartsmøte 29.03.

Prosjektet har fokus på fleire arbeidsplassar, førebyggjande helsearbeid og å ta naturen i bruk, og fleire arbeidsgruppe har kome svært godt i gong i andre halvdel av 2006.

Som ordføraren skreiv i april-bladet er det viktig at "flest mulig av innbyggjarane ser at noko må gjerast og at alle deltar og får eit eigarskap til prosjekta".

La oss håpa at nokre resultat kjem i 2007. Bygdabladet vil vera med på festen.

## Harme - og omvendt

På hausten kom informasjonen om nye vegnamn og husnummer i bladet. Stort engasjement, og etterkvart harme og frustasjon frå fleire lesarar.

Det blei det motsette då me 12.09 kunne meddela at 315 dagar med tannlegekrise var over då tannlege Marita Ølund starta opp på tannlegekontoret på Boknatun.

25.08 blei antennetoppen på TV-masta skifta, som eit ledd i forberedinga av digitalt bakkenett. Utbygginga av eit slikt bakkenett for fjernsyn i Norge vil gå føre seg rundt to år til.

I oktobernr. varsla me om at stor variasjon i leikeplasstandard i Bokn. Dette blei slått fast etter ein kontroll av sertifisert leikeplassispektør. Bygdabladet vil fylgja arbeidet med å sikra plassane.

## bygdabladet.no

hadde 3 års jubileum 01.04. Nettsida hadde ei "ansiktsløfting" i løpet av året, både på utsjånad og funksjon. Med eit gjennomsnitt på 250 treff kvar dag er nettsida ein naturleg del av den daglege avisrunden på internett.

Ei samkjøring med kommunen sine heimesider neste år vil føra til endå fleire treff.

## Takk til redaksjon, bygdabladet-nemnd og alle andre bidragsytarar i 2006!


**Eg ynskjer deg ei roleg og god jul og eit riktig godt nytt år med Bygdabladet!**

- redaktøren -

# Boklansering

Jardar Havikbotn

**Det blei ei fin stund på biblioteket då Kjetil Hamre (bildet) 6. desember lanserte si første bok.**



## Å "skriva av seg" ting

- Eg står i dag med håndå på et prosjekt så strekke seg 13 år tebage i tid.

Slik byrja lyrikaren presentasjonen av diktsamlinga "Med små bokstavar og korte skritt".

Det heile starta då broren til Kjetil brått forsvann. Tankane blei sette i sving og diktet "Et sukk i mørket" kom til. Poeten syntest det var naturleg at dette diktet blei lese først, og ein melankolsk stemning la seg i rommet.

I eit 25 minuttars program framførte han ni dikt frå boka. Tre av dei med underteikna på keyboard. Dei var nemleg tonesette av forfattaren og blei både sunge og deklamerte med musikkakompagnement.

## Blåbærjing

Blant dei ni dikta var m.a. diktet om Regine Nilsen, som 18.06.02 viste fram tidegmodne blåbær i Bygda-bladet. På s. 60 i den 74 siders tjukke boka heiter jenta Bertine. Og sjølv sagt fekk Regine ei spesiell

helsing i boka si frå den naturinspirerte diktaren. Det var ein spesiell ro over biblioteket denne førjulskvelden. Ute var det for ein gongs skyld nesten vindstille og ophaldsvér, og ein dempa belysning - supplert med levande lys - laga ein avslappa og god atmosfære i ei travel adventstid.

Både Kjetil sjølv og eit dusin tilhøyrarar var godt nøgde med framføringa. Diktaren las også andre dikt etter ynske frå publikum.

## Lenge sidan sist

Ein kan trygt seia at boknarar ikkje har røynsle med lansering av diktsamlingar. I 1985 kom Nanna Olaussen ut med "Myke verdier".



**Blåbærjenta får ei personleg helsing.**

- Får ikkje håpa det går 21 år før bok nr. to kjem, smiler Kjetil, som m.a. tenker å få seg heimeside for å nå eit større publikum.

Det er ikkje lett for ein debutant å selja ei diktsamling. Folk som vil sørga for at salet tar seg opp og vil ha boka under juletreet kan kjøpa boka hos Coop Bokn, i servicetorget og på biblioteket. For dei som ynskjer ei helsing/sitat i boka, har Kjetil lagt ut slike lister på desse plassane.

# Juletrefest for 70 år sidan

## 3de juledag 1936 hadde husmorlaget åpen juletrefest på bedehuset Austre Bokn.

Efter å ha sunget og form. hadde ønsket velkommen holdtes festtalen av lærer Trahaug. Siden vekslet det med gang rundt juletreet, og oplesing av Erna Sæbø og Kirsten Kro.

Imellomtiden var det bevertning, kaffe og flere sorter hjemmebakte kaker og en masse annet godt. Senere på kvelden fik vi appelsiner.

Lærer Lygre avsluttet den koselige fest i 1 tiden. Der var ca. 150 mennesker på festen.

Første møte i husmorlaget i 1937 blev bestemt til 14. jan.

Erna Sæbø sekretær

**(Frå møteboka til Bokn Husmorlag, stifta 4. nov. 1936)**



# Boknajente fann bronselurane

Sigvert Våga



## **Det var ei boknajente som fann bronselurane.**

Eit av dei gjævaste oldfunn me har i Rogaland er bronselurane frå Revheim i Madla, Stavanger. Dei dannar logoen til Rogaland historie og Ættesogelag (over).

Det har alltid heitt seg at det var bonden på Revheim som fann dei i ei myr og leverte dei til museet. Det er vel for så vidt rett. Men då me i vår var på årsmøte til Ættesogelaget som vart halde på Madla, var me ute og såg på oldtidsminner. m.a. helleristningar i berg. Han som var både historie- og lokalkjent og viste fram desse, kom og til å omtala desse lurane som var

funne i myra like ved.

Det var heilt sikker munnleg sagt der på garden at det ikkje var bonden sjølv, men tenestejenta som fann desse då ho spadde torv. Ho var frå Bokn, han visste endå til hennar fulle namn. Ho heitte Sara Tobia Torbjørnsdotter Grønnestad.

Kommen heim måtte eg jo sjå i bygdeboka om eg fann henne, og det var enkelt. Ho var på husmannsplassen "Bulegja", også kalla "Mariaplassen", under Søre Grønnestad, fødd 1865.

Mor hennar var frå den garden som Jarle og Trine har no.

Ho, mora var syster til Jarle sin tippoldefar.



## 25 år som rådmann!

Jardar Havikbotn

**Jan Erik Nygaard blei tilsett som kommunen sin øverste administrative leiar 1. november 1981 og har vore det i 25 år, først som kontorsjef og sidan som rådmann.**

Haugesundaren kom til Bokn som forholdsvis fersk jurist, etter eit kort opphold i Bodø, med familie; kone og etter kvart fire ungar. Han engasjerte seg raskt i samfunnslivet her og var m.a. med i fotballen i Bokn idrettslag.

Ordførar Svein Ove Alvestad sa i talen sin til rådmannen på årets siste kommunestyremøte at han trur det var nyttig og godt for både jubilanten og kommunen at dei budde her, så han lærte Bokn å kjenna og boknarane lærte han å kjenna.

Ein nytenkande, snill, rettferdig, arbeidsom og kunnskapsrik sjef for dei tilsette og hjelpar for politikarane, som har fulgt med i tida og som samarbeider godt med både tilsette og politikarar, var blant godorda frå ordføraren.

Jan Erik Nygaard vil alle godt og at Bokn skal utvikla seg positivt. Når han representerer kommunen utad, klarar han på ein glimrande måte å få fram Bokn sine interesser slik at andre hører på dei.

Før blomsteroverleveringa (**bildet**) som takk for innsatsen gjennom 25 år, oppsummerte ordføraren at Bokn kommune har vore heldige som fekk han til rådmann og håpa at Bokn kommune har vore ein god arbeidsgjever gjennom 25 år.

Til slutt takka Svein Ove Alvestad personleg for eit svært godt samarbeid gjennom fleire år og på vegne av kommunestyrene over 25 år takka han jubilanten for eit svært godt samarbeid.



**Me ser gjerne at han held fram i mange år til.**

# Flott Luciafest i tradisjonell adventstid

Jardar Havikbotn

**Mange har ein tradisjonell Luciafest 2. søndag i desember som fast spile på årshjulet sitt.**

Intensivt regn og stormkast i mildt desembervér var ikkje til hinder for at gymsalen var full av for-ventningsfulle boknarar.

Folk fekk det dei venta seg, og meir til - i alle fall i forhold til plakaten som var sett opp i forkant. Her var nemleg med gjester som ikkje var annonserte.

Etter ei fast opning med luciaopptrinn av 4. klasse og speling av skulekorpset var det klart for Kjetil Hamre. Diktaren presenterte deler av programmet sitt frå boklanseringa på biblioteket tidlegare i veka, sjå s. 4. Underteikna fekk også æra av å vera med som akkompagnatør på eit tonesett dikt.

Bak sceneteppet var skulekorpset bytta ut med aspirantar, og både 1. års- og 2. årsaspirantane hadde sjarmerrande innslag på lager. Instruktør er Wenche L. Havikbotn.

Hans Alvestad heldt talen for kvelden før korpsformann og konferansiér Odd Grønnestad inviterte til matøkt m/ konkurransar og drøs.

## Energisk og vakker song

Bokn brass/Rustne horn presenterte deler av programmet sitt frå ei julemesse på Førland i november, saman med andre julesongar.

På den siste songen, Feliz Navidad, hadde me fått hjelp av songaren Gisela Strand (**stort forsidebilde**).

Det blei eit glimrande innslag med kraft og energi frå den talentfulle ungdomsskuleleven. For underteikna eit av dei større høgdepunkta eg har hatt som dirigent på scenen gjennom 20 år!

Det var ikkje utdeling av kulturprisen i år, men allsongen blei akkompagnert av kulturprisvinnaren frå



**FINT LUCIAOPPTRINN:** Fv. Faltin Våge, Sofie Rossebø, Julie Bokneberg, Joar Øvrebø, Ellen Johannessen, Stian Pedersen, Simen Havikbotn og Christopher Vik. Torgils Hognaland var ikkje til stades.



**ASPIRANTAR PÅ OPPVARMING:** Fv. Ellen, Christopher og Simen frå bildet øverst hadde ein travel kveld.  
1. Års-aspirantane er Jone Våga, Amalie Nilsen og Annelin Eide.

2001, Mathias Are.

Dei som var på jakt etter julestemninga hadde fått det.

# Julegrantenningen 2006

Unni Høivik

## Tradisjonen tro arrangerte Bokn Røde Kors også i år julegrantenning i gymsalen på Bokn skole.

Været var ikke helt til å skryte av, men utrolig nok kom nedbøren mens vi alle var inne i gymsalen.

Det var Barnekoret og Bokn skulekorps som stod for under-

holdningen, før salg av kaker og kaffe ble satt i gang. Også **nissen (bildet)** var innom med godteposer. Til slutt var det trekning med flotte premier som gavekort og masse leker for de minste.

**Bokn Røde Kors ønsker å takke alle som har støttet oss i året som gikk.**



## Rogfast på vent?

Reidar Alvestad

**Det tidlegaste Rogfast kan stå ferdig, er i 2016. Ut frå dei signalala vegsjefen i Statens vegvesen region Vest gir, ser det ikkje ut til at Rogfast skal prioritert så raskt.**

### Vestlandet ynskjer Rogfast

Både Vestlandsrådet og Fylkestinget i Rogaland ynskjer Rogfast inn i Nasjonal Vegplan slik at Rogfast kan stå ferdig rundt 2016. Så spørst det først og fremst om politikarane frå Rogaland og Vestlandet kan få Stortinget med på dette.

### Planlegginga i rute

Den 13.desember var det eit orienteringsmøte på allrommet i Boknaturn frå det lokale vegvesenet om Rogfast og planprosessen. Utanom teknisk sjef i Bokn, Hans Faye, var ansvarleg koordinator for Rogfastprosjektet Ingar Hals til stades saman med seksjonsleiar Ivar Torkildsen pluss ein planleggar til frå vegvesenet. I tillegg møtte ein person frå Multikonsult som arbeider med ulike konsekvenser av Rogfast i forhold til natur, miljø osv.

Ut frå dei ulike innlegga frå vegvesenet, kom det fram at planprosessen er i rute til å få Rogfast ferdigstilt til 2016, men at det vil stå på den politiske prosessen kor vidt Rogfast vil bli prioritert slik at dette blir realisert så tidleg.

### To løp

Rogfast er planlagt med 25 km tunnel frå Harestad i Randaberg til Arsvågen på Bokn med ein stikkveg opp til Kvitsøy. Det vil bli ein to-løps tunnel med to kjørebanar kvar veg. Det skal bli muleg å koma seg over i den andre tunnelen dersom det skjer noko uføresett i den eine. Det er Statens vegvesen som er ansvarleg for planlegginga i dialog med kommunane og fylkeskommunen.

Under planlegginga har mange ulike tema vore oppe, som risiko og sårbarhets analyser, geologi, seismikk, fly-

magnetiske målingar, trafikkanalyser, kostnadsoverslag, drifts- og vedlikehaldskostnader og nytte/kostnadsanalyser. Framdrifta vil nå bli slik at konsekvensanalysen skal på høyring til vinteren og til vedtak sommaren 2007. Då er grunnlaget lagt for vurdering av prosjektet i neste revisjon av Nasjonal transportplan. Kjem det ikkje med der, vert det ikkje noko Rogfast til 2016. Pr. i dag ser det ikkje ut til at Vegsjefen for Vestlandet har same hast med Rogfast som Rogalandspolitikarane i Fylkestinget og Vestlandspolitikarane i Vestlandsrådet. Vegsjefen for Vestlandet som sit i Leikanger i Sogn og Fjordane har ikkje prioritert Rogfast på same måte.

### To alternativ for tunnelpåhogg

Ved Arsvågen er alternativ 1 for tunnelpåhogg lagt litt nord og parallelt med näverande E39. Det vil føra til at E39 før tunnelpåhogget vil gå heilt i kanten til Arsvatnet, slik at lokalvegen til Are blir berørt. Alternativ 2 går langs näverande E39 og omtrent gjennom området ved billettbuene med tunnelpåhogg litt lengre sør i berget der vegen går ned mot terminalbygget. På Randaberg skal tunnelen ikkje ha noko tilkopling til Byfjordtunnelen (Rennfast) slik det tidlegare har vore antyda.

Reint fysisk vil tunnelen berøra Bokn lite. Det vil ha betydning kor tunnelpåhogget blir, men for miljø, natur mv. vil det ikkje ha så stor betydning. Det som vil ha betydning, vil bli kor stor trafikken vil bli, og konsekvensane av det. Det skal vera deponi av tunnelmasse på Randaberg, Kvitsøy og Bokn. 1/4 av massen skal opp på Bokn. Tilsvarende mengd skal opp på Randaberg, mens halvparten av all tunnelmasse skal opp på Kvitsøy. På Bokn er det planlagt at massen skal deponerast mellom Solholmen og landsida slik at det blir utfylt eit nytt område nord for sjølve moloen.

### Stor trafikkvekst

Det har vore stor trafikkvekst med ferjene i Boknafjordsambandet frå det

opna og fram til i dag. Det går nå ein trafikk over sambandet som tilsvarar mellom 2500 - 3000 personbileiningar dagleg. Det er rekna ut at dersom Rogfast hadde eksistert i dag, ville trafikken vore rundt 4000 personbileiningar pr. dag. Etter nedbetalte bompengar i Rogfast er anslaget 9000 personbileiningar pr. dag. Det viser seg at faktorar som avslutning av bompengar og overgang frå ferjer til tunnel er faktorar som påverkar trafikkmengda.

Det burde ikkje overraska nokon at trafikken aukar i takt med betre vegar. Eit vegsamband over Boknafjorden utan ferjer og bompengar vil naturleg nok ha ei betydeleg trafikkbelasting. Det er berre visse strekningar på Austlandet som kan visa til tilsvarande folkemengd og næringsaktivitet som aksen Sør-Rogaland - Bergen. Slik sett er vegstandarden i området langt etter det som vert akseptert i andre område ein kan samanlikna seg med.

### Kva med Boknasamfunnet?

Konsekvensane reint fysisk ved at Rogfast kjem opp ved Arsvågen, vil ikkje ta særleg med areale eller ha store konsekvensar. Det er trafikkmengda, auka fare for ulykker, støy, forureining og andre ting som vil bety noko. Bokn kommune har fått utarbeidd ein rapport av Asplan som konkluderer med at vegryset ved Knarholmen må bli planfritt. Ein bør også sjå på avkjøringa på Austre Bokn og Ognøy. Vidare er det mange hus i Alvestadområdet som har for høg støybelastning i høve til dei minimumsgrensene som er gjeldande.

Med den trafikken som er venta, bør ein også sjå på vegstandarden over Bokn, særleg med tanke på alle ulykkene som har vore på vegen.

Rundt 15 interesserte tilhørarar hadde spørsmål som gjekk på vegstandard, utbetringar av eksisterande veg, kva tunnelmassen skal brukast til, konsekvenser for boknasamfunnet og anna.

Sak 041/06

**Budsjettjustering barnehagen 2006.**

**Kommunestyret vedtok:**

Det blei vedtatt å godkjenne endringane i barnehagebudsjettet for 2006 slik dei gjekk fram av saksutgreininga.

Sak 042/06

**BARNEHAGEPLAN FOR BOKN**

**Kommunestyret vedtok:** Det ble vedtatt:

1. Barnehageplanen for perioden 2007 – 2008 blir godkjent.
2. Rådmannen blir bedt om å greie ut alternative løysingar for utviding av barnehagekapasiteten. Løysingane skal vere slik at det er mogleg å sikre full barnehagedekning i Bokn frå 2007.
3. Opningstidene i barnehagen blir ståande uendra i samsvar med gjeldande barnehagevedtekter.
4. Barnehagen får ei stillingsramme på 7,5 årsverk frå 01.01.2007. Stillingsramma omfattar styrar, pedagogiske leiarar og assistenter.
5. Kompetanseutviklingsplanen av 11.09.2006 blir godkjent.

Sak 043/06

**Delegering av avgjerdsmynnde etter Opplæringslova og Barnehagelova**

**Kommunestyret sitt vedtok:**

Det blei vedtatt delegering av avgjerdsmyndighet som fremlagt i rådmannen si innstilling.

Sak 044/06

**Støtte til politiske parti i Bokn for 2006.**

**Kommunestyret vedtok:**

1. Kommunestyret er kjend med at staten v/ fylkesmannen tar over utbetalinga av dei statlege tilskotta til dei politiske partia sine kommuneorganisasjonar. Dette tilskottet utgjør for 2006 kr 11,12 pr. røyst ved sist kommunestyreval og i tillegg et grunntilskott til kvart parti på kr 1025,46. For 2005 var dette tilskottet kr 12,38 pr. røyst utan grunntilskott.
2. Kommunestyret er vidare kjent med at staten har lagt dei tidligare støttemidla til partias kommunestyregrupper inn i den generelle rammeoverføringa til kommunane, og at det er opp til kommunane sjølv å avgjøre om, og kva størrelsesorden, dei ynskjer å utbetalte i slikt tilskott. Det statlege grunnbeløpet for 2005 og 2004 var på kr 3.089,56 og representanttillegget på kr 1.110,18 pr. representant i kommunestyret.
3. Kommunestyret vedtar at beløpa nemnt under pkt. 2 settes til høvesvis 3100,- (grunnbeløp) og kr 1.200,- (representanttillegg). Vidare vedtar kommunestyret å oppretthalda tidligare tilskott pr. røyst med kr 12,50 basert på valresultatet ved kommunevalet i 2003.

Sak 045/06

**FELLES ARBEIDSGIVERKONTROLL**

**Kommunestyret sitt vedtok:**

1. Bokn kommune godkjenner at Haugaland og Ryfylke arbeidsgivarkontroll slår seg saman med Karmøy og Haugesund til ein felles arbeidsgivarkontroll for Haugalandet.
2. Bokn kommune godkjenner dei framlagte vedtekne for Haugaland Arbeidsgivarkontroll.
3. Meirutgiftene vert innarbeidd å årsbudsjett og økonomiplan
4. Vedtaket forutset at alle deltakarkommunane gjer vedtak om å delta i ordninga.

Sak 046/06

**BUDSJETTKONTROLL 2006 - 3.KVARTAL**

**Kommunestyret sitt vedtok:**

Budsjettrapporten pr. 30/9 vert tatt til etterretning med følgjande tillegg:

- Auke i skatteinntektene på ca. kr. 323.000 vert bruk til å styrka reserverte tilleggsløyvingar.

Sak 047/06

**Avtale om samarbeidsprosjekt innan nærings- og bygdeutvikling**

**Kommunestyret sitt vedtok:**

1. Kommunestyret i Bokn godkjenner at Bokn inngår samarbeid om nærings- og bygdeutvikling med Fylkesmannen, Innovasjon Norge Rogaland og andre deltagande kommunar i Nord-Rogaland. Inngått avtale skal vera utan tidsavgrensing og med ei gjensidig oppseilingstid på 6 månader.
2. Årlege kostnad, ca kr 11 550,- skal dekkast over budsjettposten landbruk.

Sak 048/06

**BUDSJETT 2007 OG ØKONOMIPLAN 2007 - 2010.**

**Kommunestyret vedtok:**

1. Vedlagde forslag til budsjett for Bokn kommune for 2007 blir vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr 37.739.400,- fordelt på følgjande rammeområde:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen kr. 7.780.250

- Nye tiltak/ikkje fordelt pr. rammeområde kr. 1.918.400  
- Reserverte løyvingar kr. 960.000

Sum ihht budsjettkjema 1 B ( 10.658.650)

Rammeområde 2 Kultur/Skule/Barnehage kr. 12.009.000

Rammeområde 3 Helse/Sosial/Barnevern kr. 12.801.000

Rammeområde 6 Teknisk kr. 2.270.750

Nye tiltak:

**Framhald neste side og s. 11**

# Spreke pensjonistar

Reidar Alvestad

## Ei lita gruppe pensjonistar starta for ei tid sidan ei turgruppe.

Dei går tur kvar mandag. Men mandag den 4. des. vart det ikkje så mykje trim, men ei koseleg samling på Arsvågen Kro med middag.

### Mange deltar

Nærare 20 pensjonistar har ein eller fleire gonger vore innom turgruppa på turane deira. Den mest brukte turen går på turstien nordover frå Føresvik. I nordre delen av stien er det laga til med bord og benker som dei nyttar når dei skal ta seg ein pust i bakken med kaffi og noko attåt.

Elles har turane gått mot Torland til Vaulen dersom veret ikkje har vore så bra. Dei har også gått på stiar på Austre Bokn og på Ognøy.

### Du kan bli med

Turgruppa samlast kvar mandag heile året kl. 14.00 ved kyrkja. Kanskje kjører dei så til Føresvik for å gå på turstien eller til andre stader. Om du har lyst, er det berre å møta fram. Alle er velkomne.



Her kosar ei gruppe spreke pensjonistar seg med førjulsmiddag. På venstre s. frå v.: Kari Are, Ingrid Håland, Liv Vatnaland, Bjørg Alvestad, Ellinor Pedersen, Gunvor Eiksund, Jon Eiksund og Arne Ognøy nederst. På andre s. av bordet frå Arne Ognøy og mot h.: Leif Vatnaland, Oliva Håland, Marie Dirdal, Jorunn Larsen, Anna Are, Ingunn Are og Mathias Are.

Foto: Reidar Alvestad

Her er eit utval frå turgruppa som på ein tur på turstien tidlegare i haust tar seg ein pust i bakken med kaffi og prat. Frå v.: Solveig Ellingsen, Oliva Håland og Ellinor Pedersen nærest. Så (med ryggen til) Marie Dirdal, Gunvor Eiksund, Bjørg Alvestad, Ingunn Are og Arne Ognøy. Ståande: Mathias Are.

Foto: Jon Eiksund



Driftsauke kyrkja	107 200
Skule -Vedlikehald og oppgradering av gymn.salen	137 000
Prosjekt : "Ta Boknanaturen i bruk" / Kjekt på Bokn	160 000
Nye lærebøker	150 000
Drift IKT utstyr skule	50 000
Ny varmvannstank sjukestova	10 000
HMS tiltak i barnehagen	20 000
Vedl.hold og sikring av Bygdemuseet	10 000
Ny brannsprøyte	55 000
Innmåling av veggrunn.kaier	30 000
Grunnopplæring brannmannskaper	30 000
Beredskap	33 000
Gjennomgang av driftssituasjon ved vannverket	50 000
Rehabilitering av ledningsnett / utskifting av kummer	50 000
Tilskudd til privat vannverk	50 000
Inventar helsestasjon etter ombygginga	35 000
HMS-tiltak kjøkken – heving av oppvaskmaskin(ny)	50 000

Interkommunalt samarbeid voldtektsmottak	3 500
Fysisk tilrettelegging av skjerma eining	15 000
Hospiteringsordning v/Haugesund sjukehus (forpliktande avtalar)	40 000
Legeværtsamarbeid	200 000
Auke legestilling	450 000
Utstyr, fysioterapi	5 000
Auke i tilskot til lag og organisasjoner	30 000
Reiseliv satsing interkommunalt	7 700
Vedlikehald av kommunale bygg	100 000
Ny plenklippar	40 000
<i>Sum nye tiltak</i>	1 918 400

Rådmannen får fullmakt til å fordele nye tiltak på rammeområda.

**Framhald s. 11**

# Plutseleg vaksen

Hanne Marte Vatnaland

**Medan nordmenn der heime sit og les desemberutgåva av Bygdabladet, er eg i min fjerde månad på den andre sida av kloden som ecuadorianar. Og det har vore fire månadars med eit hav av nye opplevingar og erfaringar på godt og vondt.**

Me er i alle fall einige i at om me var nervøse når flyet landa i Quito, og då me var på veg til forberedning seminar, var det endå verre då me satt på bussen fire dagar seinare på veg til Ibarra for å møte familien. Aldri før har eg vore så livande redd, men det gjekk bra det og.

Me vart godt tekne imot av familie, skule og nye vener.

## Gode vener

Me studentane som bur i Ibarra har blitt gode vener. Me reiste alle ut åleine, og det er utrødig korleis ein kan kjenne seg igjen i menneske frå heile verda om ein berre opplever same situasjon. Kven skulle tru at når eg kjenner for å snakke med nokon som verkeleg forstår meg, vender eg meg mot menneske frå Belgia, Tyskland og USA?

Yfu har berre to utsendingar i år til Ecuador, det er meg og pussig nok ei jente frå Finnøy. Me bur dessverre langt ifrå kvarandre, hu bur i nord. Eg bur langt sør i landet, berre ein god time frå Colombias grense.

## Kom til ro

Dei første to månadane må eg innrømme at eg var litt i feriemodus, og kunne liksom ikkje slå meg heilt til ro. Det var ut for å sjå nye ting, med nye folk kvar dag. Og det var nett som det var for mykje av det gode. Derfor var det ei god kjensle den dagen tidleg i november når eg kunne seie til meg sjølv at:

Her i dette huset med denne familien skal eg bu i eit år, og gå på denne skulen med desse vennene. Eg treng ikkje oppleva noko nytt kvar dag, det hastar ikkje.

## Skulen

er topp. Eg går på ein privatskule med barneskule og vidaregåande saman. Det er ein liten skule, me er 8 jenter og 8



**Saman med ei venninne frå Belgia då alle YFU-studentane var på tur til Amazonas.**



**Hos ein inkafamilie lenger oppe i fjella.**

gutar i klassa, nett som Bokn...

Alle har ein uniform for kvar dag, og ein for torsdag når me har gym.

På mandag morgen stiller heile skulen etter kurs og høgde ute på stadion. Der syng me nasjonalsongen etter at inspektøren har kjefta på gutane som må kippe håret, og jentene som må legge ned skjørtelengda.

Ein time varer i 1 time og 20 minutt, og eg har fag som samfunnsfag, engelsk, litteratur, matte, religion, filosofi, økonomi, investegasjon, orientasjon og gym.

Det er ikkje så skummelt, eller strengt på skulen som eg hadde venta. Eg trur ein av grunnane til at ting har gått så bra til nå er at eg har vore open for alt nytt.

## Open

er nøkkelordet for dei som ynskjer å reise som utvekslings-elev. Me har eit visst ansvar - ikkje berre for oss sjølv, men og for organisasjonen og dei heime. Dessverre er det ein del som gløymer dette ansvaret, og slik har det seg at utvekslingselever og europearar generelt har eit dårlig rykte her. Mellom anna at dei er kjende for å vere nokre festløver...

Yfu sine reglar er klare på dette punktet, og det er faktisk ein elev som allereie er heimsendt pga. brot på ordensreglar.



**Oversikt over Ibarra, 2.200 m.o.h.**



**Ecuador har til og med snø.**

Innbyggjarane i Ecuador har generelt lite pengar, men mykje kjærleik, og dei nøler ikkje med å ynskle nye folk velkomne til heimane sine. Det er som om haldningane følgjer klimaet: Jo lengre sør ein kjem, jo varmare vert det. Dei er patriotar og har sterke kjensler for landet og familien sin. Familie og venner er viktige. Alt det har gjort at eg og sett meir pris på dei heime nå. Meir enn eg kanskje visste eg gjorde før.

**Familien min (bildet)** her er herlige folk. Eg har to brør, Sebastian (11) og Martin (8), og ei syster Anaisabel (5). Som alt anna er det å ha så pass yngre sysken nytt for meg, men eg har eit veldig nært forhold til familien min.

Me tilbring mykje tid saman.

#### **Ein vanleg dag i Ibarra:**

Eg står opp kl. 06.00 samtidig med brørne mine medan hus-hjelpa lagar frukost. "Farfaren" min kjører heile gjengen til skulen som byrjar kl. 07.00.

Når skulen sluttar kl.13.00, hentar faren oss og kjører oss heim (som regel på lasteplanen på pickupen), til lunsj som er det viktigaste måltidet i løpet av dagen. Heile familien må vere heime til 13.30, og alle butikkar er stengde i halvannen time slik at alle går heim frå jobb.

Far min jobbar i ein butikk han eig saman med mor si, og mora mi jobbar i Raude Kross (så meg og Max frå Tyskland gav blod allereie første månaden her...).

Seinare går foreldra mine tilbake på jobb, og eg møter venner frå skulen. Saman går me for å ete is, som er ein spesialitet her. "Helado de paña" lagar ein av rein pressa juice og knust is, her er konsentrat eit framandord.

Alle må vere heime kl.19 på vekedagar, då er det mørkt og ikkje "trygt" ute lenger.

Kl. 19 kjem og mor mi heim frå jobb. Me gjer lekser og tatlar



på engelsk til far kjem heim. Han kjeftar for at me ikkje snakkar spansk. Det er ikkje vanleg at dei kan så mykje engelsk her. Mora mi var utvekslingselev sjølv i USA, derfor er hu flink til det (noko som har vore betryggende for meg i byrjinga). Seinare ser me kanskje på ein film saman. Her kostar ein film i butikken 1 dollar, så eg trur eg skal kjøpa film for resten av levetida med meg heim...:)

#### **Kultur**

Ein vert forandra av å reise på utveksling til eit land som Ecuador. Her kan man ikkje leve det norske livet, og eg forstår kvifor ting er annleis. Ting som kanskje fungerer betre i Noreg, vil kanskje ikkje fungere i det heile tatt her nede. Me har eit motto i Ibarra i år: Ingenting er betre eller verre, berre annleis.

## Kommunestyremøtet 12.12.06

### Framhald frå s. 8 og 9, sak 048/06 BUDSJETT 2007 OG ØKONOMIPLAN 2007 - 2010.

2. Kommunestyret vedtek investeringar i 2007 ihht. Budsjettskjema 2B

- EDB utstyr/leasingavtale	kr 200.000
- PC armatur – utskriftning	kr 240.000
- "Kjekt på Bokn"	kr 718.000
- EDB/IKT plan skule	kr 460.000
- Bustadfelt Fyrvegen	kr 600.000
- Vegkryss Jøsenvågen	kr 50.000
- Trykkforsterkersanlegg	kr 110.000
- Bygdabok	kr 250.000
- Aggregat	kr 200.000
- Asfaltering Kyrkjebymdr omr	kr.150.000

Finansiering av investeringane på for 2007 vert dekka av

- Kapitalfond.	Kr. 2.778.000
- Sal av tomt	kr. 200.000

3. For å styrka kommuneøkonomien vedtek kommune styret at driftsoverskotet på kr 777.600,- vert sett av til ubunde disposisjonsfond.

4. Kommuneskatten for inntekt vert utlikna med 12,25 % og formue med 7 o/oo.

5. Eigedomsskatt for verk og bruk for år 2007 vert utskrivne med 7 o/oo.

6. Bokn kommunestyre vedtar at barnehagesatsane vert justert i samsvar med vedtatt maksimalpris Deltidsplasser skal justerast forholdsmessig. Satsane for barnehage og SFO vert justert pr. 1.8. Alle vannavgiftene, med unntak av tilknytning, vert auka med 4% Abonnement for Bygdabladet vert auka frå 300,- til 325,- Privatannonse i Bygdablad vert auka frå kr. 30 til kr. 50 Utsalspris for Bygdabok vert auka frå kr. 400,- til kr. 450,- Dei andre satsane for kommunale avgifter og kommune tenester for 2007 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativet.
7. For å sikre nødvendig drift av sjukeheim, omsorgs bustadar og resten av Boknatun ved straum stans ber kommunestyre om at der blir lagt fram ei eiga sak om alternative løysingar.
8. Kommunestyret vil ha eiga sak om rapportar, status og tiltak som gjeld HMS og arbeidsmiljø i kommunen.
9. Kommunestyret vedtar å kjøpe 1 aksje à kr. 25.000,- i Destinasjon Haugalandet AS
10. Kommunestyret vedtar at Bokn sluttar seg til det interkommunale samarbeidet om voldtektsmottak.



# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -  
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

## DESEMBER

- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 26.-30. BCG - Datatreff
- 28. Juletrefest, Bedehuset kl. 19.00 - arr. Bedehuset & Frelesarméen
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

## JANUAR

- 08.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 10.** **Soknerådsmøte kl. 19.00**
- 10.** **Muslimmisjonen, Bedehuset kl. 19.30**
- 18.** **Årsmøte, Bokn idrettslag kl. 19.00 på Idrettshuset**
- 18.** **NMS-møte, Bedehuset kl. 19.30**
- 19.** **Kino i auditoriet**
- 21.** **Gudsteneste kl. 11.00**
- 21.** **Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
- 21.** **NMS-møte, Bedehuset kl. 19.30**
- 22.** **Me les i Matteus-evangeliet på bedehuset**
- 25.** **Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**
- 25.** **Konf., Bedehuset kl. 18.15 - 20.00**
- 28.** **Ekornspeidar kl. 15.00 i gymsalen på skulen**
- 28.** **ABR-senteret, Bedehuset kl. 19.30**

## FEBRUAR

- 04.** **Gudsteneste kl. 19.00 - Bibel til 5. klasse**
- 05.** **Årsmøte kl. 19.00, Bokn musikkorps**
- 05.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 06.** **Formannskapsmøte**
- 07.** **Israelmisjonen, Bedehuset kl. 19.30**
- 15.** **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
- 16.** **Kino i auditoriet**
- 18.** **Gudsteneste kl. 19.00 - Årsmøte etterpå**
- veke 8 **Vinterferie, Bokn skule**
- 19.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 20.** **Kommunestyremøte**
- 22.** **Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**
- 25.** **Ekornspeidar kl. 15.00 på Lampahaugen**
- 25.** **Årsmøte, Bedehuset**
- 27.** **Speidarbasar på Bedehuset**

## MARS

- 04.** **Gudsteneste kl. 11.00**
- 04.** **Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
- 05.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 07.-09. **Den indre sjømannsmisjon på Bedehuset**
- 11.** **Den indre sjømannsmisjon på Bedehuset**
- 13.** **Formannskapsmøte**
- 16.** **Kino i auditoriet**
- 18.** **Gudsteneste kl. 11.00**
- 19.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 20.** **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
- 24.-25. **Korpsseminar på skulen, Bokn skulekorps**
- 25.** **ABR-senteret, Bedehuset kl. 19.30**
- 26.** **Ekornspeidar kl. 15.00 på Boknafjellet**

## Titt tei,

ønsker å sende en hilsen til mormor og bestefar på Sømme, farmor og farfar på Grønnestad, Jarl Magne, tante og onkel på Hagland, Maria, Iselin, tante og onkel i Tananger, oldemor i Tananger og olde-



mor i Sveio, og Hedda Amilde.

God jul og godt nyttår til dere alle, gleder meg til å rive ned juletrærne deres til neste år.

**Juleklem fra Eiril**

## 27. Konf., Bedehuset kl. 18.15 - 20.00

## 29. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## APRIL

- 01.** **Gudsteneste kl. 11.00 - Dåppskule/konfirmantar**
- 01.** **Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
- veke 14 **Påskeferie, Bokn skule**
- 05.** **Frelesarméen på Bedehuset**
- 06.** **Gudsteneste kl. 11.00**
- 08.** **Gudsteneste kl. 15.00 - 1. påskedag ute på Ognøy**
- 10.** **Formannskapsmøte**
- 12.** **Kontaktmøte på Bedehuset**
- 13.** **Kino i auditoriet**
- 14.-15. **Korpsseminar på skulen, Bokn brass**
- 15.** **Gudsteneste kl. 11.00 - Løftefornyelse**
- 16.** **Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset**
- 19.** **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
- 22.** **Ekornspeidar kl. 15.00 i Peraliå**
- 22.** **Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
- 24.** **Kommunestyremøte**
- 26.** **Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**
- 28.** **Konf., Bedehuset kl. 10.00 - 14.00**
- 29.** **Gudsteneste kl. 19.00 - Ung messe - Samtale-gudstenesta. Fest etter gudstenesta**

## MAI

- 06.** **Normisjonen, Bedehuset kl. 19.30**
- 08.** **Formannskapsmøte**
- 11.** **Kino i auditoriet**
- 13.** **Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon**
- 21.** **Gudsteneste kl. 10.30**
- 20.** **Ekornspeidar kl. 15.00 i Humraparken**
- 24.** **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
- 27.** **Gudsteneste kl. 19.00 - 1. pinsdag**
- 31.** **Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**

## JUNI

- 03.** **Gudsteneste kl. 11.00 - Felles Tysvær-Bokn ute i Loten**
- 05.** **Formannskapsmøte**
- 08.** **Kino i auditoriet**
- 10.** **"Øystemnet" på skulen, arr. Bokn musikkorps**
- 10.** **Gidion-møte, Bedehuset kl. 19.30**
- 17.** **Ekornspeidar kl. 15.00, Alvestad nærmiljøanlegg**
- 17.** **NLM-møte, Bedehuset kl. 19.30**
- 19.** **Kommunestyremøte**
- 21.** **Gudsteneste kl. 11.00**
- 22.** **Siste skoledag før sommarferien, Bokn skule**
- 24.** **Gudsteneste kl. 11.00**

## JULI

- 15.** **Gudsteneste kl. 19.00**

# Julagrisen - eit tilbakeblikk frå farne tider

Leif Vatnaland

**So langt eg hugsar tibake, frå slutten av trettiåra og framover, trur eg det var vanleg på alle gardar med ein slaktegris eller to til året. Det var vel og dei som hadde gris om dei ikkje hadde gard.**

Den sokalla julagrisen vart innkjøpt som smågris (ca. 20 kg.) i passeleg tid før slaktinga og vart vera opp av matrestar som brødkalkar og middagsrester samt noko innkjøpt kraftfor. I grisetroa glekk alt som idag vert styrta i den brune avfallsboksen. I tillegg kan eg hugsa at det vert brukt salt sild og sildemjøl, men det måtte ein passa på å slutta med i god tid før slaktinga, ellers ville det smaka sild av kjøtet.

Då dagen kom at denne grisen skulle avlivast, var det stor aktivitet frå tidleg morgen. Alt skulle gjerast klart til sjølve slakteprosessen.

Det starta med å fyra opp under den store brunngryta (det var ei diger malmgryte på 60-80 liter) i kjellaren, for det gjekk ganske mykje varmt vatn til under slaktinga. Samstundes skulle sjølve slaktepllassen klargjerast; det var eit stort brett eller ei dør samt ei tønne til skollevatnet, og helst skulle du også ha ei talje til å heisa grisen oppi tønna. Når alt dette var klart kunne sjølve slaktinga ta til.

Heime hjå oss var det han far sjølv som var slaktar, med god hjelp av naboen Jørgen, men det var mange som ikkje sto for slaktinga sjølv. Dei leigde inn ein person som hadde god erfaring med dette.

## Skingrande hyling

Nå kjem det mest dramatiske, sjølve avlivinga. Det gjekk som regel ganske høglydt føre seg avdi det vart brukt såkalt trantaband (det var eit tau som vart sett over overkjeven på dyret for å halda det mest muleg i ro). Dette resulterte i eit skinrande grisehyl som gjekk gjennom marg og bein.

Alt skulle jo nyttast, så det første var jo å ta vare på blodet. Hjå oss var det mor sin jobb. Blodet måtte rørast i heile tida til det vart kaldt, ellers ville det levra seg. Blodkomle var jo ein ettertakta middagsrett, så dette vart delt med slekt og naboor. Sjølv et eg ikkje blodkomle, heller ikkje annan innmat.

Neste skritt var skollinga. Det vil seia å få busta av, då var det til å bera varmt vatn frå den store gryta oppi tønna, spe på med kaldt vatn til det heldt rett temperatur. Dette var viktig. Var vatnet for kaldt eller for varmt ville ikkje busta sleppa taket. Først vart den eine enden av grisens firt ned i tønna, og etter passegleg tid oppatt, busta måtte då fjernast rimeleg fort før det vart for kaldt. Så var det same prosessen med den andre enden.

Det ville alltid stå ein del bust igjen, så neste trinn var finbarbering med ein kvass kniv. Serleg hovud og labbar var det mykje arbeid med.

Grisen vart så partert opp i passande stykker for

salting. Frysing var jo eit ukjent begrep den gongen. Det som nå gjensto var helst kvinnfolkarbeid. Det var nokså greit skille på kva som var arbeid for mann og kvinne den gongen. Nå er det jo ikkje greia på noko lenger.

## Grisajobb

Nå var det innmatten som måtte ivaretakast, lever, hjarte, nyrer osv. Tarmane skulle renskast og seinare brukast til pøleseskinn, det var ein rektig grisajobb. Fyrst måtte dei tømast for innhaldet, deretter rongast og skrapast før dei kunne nyttast. I kalde desemberdagar vart det nok ikkje sjeldan naglabet. Når det var riktig kaldt vart dette arbeidet gjort i fjoset, der dei sanitære forholda neppe ville vorte godkjent av dagens mattilsyn.

Så var det syltflesket sin tur. Til dette var det helst berre hovudet og litt av føtene som vart nytt (noken kalla det difor håvesylte). Hovudet var delt i to og kokt i ei stor gryte. Så vert svoren fjerna i store stykke og lagt til side. Deretter vart alt kjøtet og flesket skore i små stykke og blanda godt saman. Til slutt vart dette varma opp og blanda med salt og krydder, før det vart lagt i form og pressa saman.

Pølsene måtte det og lagast. Det som skulle nyttast her måtte først malast på kjøttkverna, og her vart alt nytt. Eg veit at nokon brukte både magesekken og øyrene i denne farsen. Nå var det pølsehornet på kverna, dei reingjorte tarmane vart tredd inn på hornet og farsen pressa gjennom kverna og inn i pøleskinnet. Pølsene vart knytte saman i runde ringar, lagt i lake og seinare hengde opp på ein tein.

**Du verden for ei god pølse. Den finn du ikkje i nokon kjøledisk.**

Til slutt kan eg fortelja om to naboor i søre del av Hordaland som skulle slakta julegrisen. Historia skal vera sann:

Dette var tidleg på morgonen før det var skikkelig lyst og han som åtte grisens gjekk inn i grisehuset for å henta han ut. Meininga var at han skulle koma ut med grisens føre seg, og når slakkaren såg han i døra skulle han delja til med ei stor trekubbe.

Men så viste det seg at grisens slo seg vrang og slett ikkje ville ut frivillig. Dermed måtte mannen endra oppleget, og tok grisens i øyrene og gjekk baklengs ut døra.

Uheldigvis hadde han tatt på seg ein utvaska og ganske lys overall, slik at når han som sto utanfor nervøs og venta såg dette lysa i dørropninga trudde han det var grisens og smelde til det han var god for.

Det vart ikkje slakting den dagen.

God jul!

# Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 10 1986

## Fiskerihavna overlevert

Har kostat 11,5 mill. kr.

Den 20. november vart fiskerihavna ved Knarhomen offisielt overlevert kommunen. Havna har kostat 11,5 mill. kroner, og det har tatt rundt 2 år å byggja den.

Representantar fra Kystverket, fiskarorganisasjonar, Bokn kommune, aviser og kringkasting var til stades ved overleveringa. Det var først ei omvising av anlegget, kor alle tilreisande og kommunen sine folk kunne sjå den ferdige havna.

Ordførar Leif Vatnaland sa at alle parter hadde grunn til å vera godt nøgde når dei såg det resulataatet som nå ligg føre. Utbygginga har også lagt grunnlag for ei vidare utvikling i dette området. Kommunen har kjøpt inn eit område med ca. 100 da. som det høyrer strandlinje til. Det vil bli eit aktuelt område for vidare utvikling når kyststamvegen om nokre år vil gå forbi, slik at kommunen då ser positivt på dei utviklingsmulighetene ein her kan få både til lands og til sjøs.

Ordføraren takka Kystverket for eit framifrå godt samarbeid.

Kystverket har hatt 8 - 9 mann i arbeid på dette prosjektet. Dei hevdar at havna er blitt ei ideell fiskerihavn. Kystverket har laga ein kai i havna. Det skal vidare byggast meir i havneområdet. Det første blir eit anlegg for sløyning og pakking av oppdrettsfisk. Det er vidare også andre planar for verksemد i området, men tida vil visa kva som blir realisert.

Kystverket var m.a. representert ved distriktssjef Odland, som ynskte kommunen lukke til med den nye havna. Han sa at Bokn nå hadde fått både god fiskerihavn og eit område i tilknytning til denne som venteteg ville gi ei god utvikling for Bok i åra framover.

Det var også helsing og lukkeynskje frå representantar frå fiskerisjefen og fiskeristyret. Arne Øvrebø sa at dette var eit resultat av godt samarbeid kor alle berørte partar stod samla om eit felles mål, derfor gjekk prosjektet så raskt fram til at ein alt nå kunne overta havna.

Det er lagt 93.000 m<sup>3</sup> Stein i sjølve moloen. 2.500 m<sup>3</sup> er tatt opp av havnebassengen. Dette er då først sprengt laust. Det er Kystverket som i framtida vil ha vedlikehaldsutgiftene med fiskerihavna. Dette reknar ein med kan bli større beløp etter som tida går.

Havna vil venteteg bli liggjande i eit område som seinare vil bli eit knutepunkt for både land- og sjøbasert verksemđ.

## Hubro i god form

Reidar Alvestad

**Den puslete hubroen som Ottar Borgenvik tok omsorg for i sommar, har nå lagt godt på seg og er tilsynelatande i god form**

### Likar smågnagarar

Hubroen vart funnen på nabogarden av Marie Vågshaug, der ein flokk med kråker var etter han. Han var tydelegvis svekka, og hadde nok ein eller annan skade.

Ottar har hatt han i pleie sidan i sommar, og fuglen har etter kvart fått god appetitt. I starten åt han ved at maten omtrent vart dytta i han, men nå synet han god matlyst, og et både mus, rotter og andre smågnagarar som han sluker heile. Først legg han dei til rette på langs, og så går dei heile ned med hovudet først. Berre nokre nik, så er maten nede i magen.

Dersom han får større kjøtstykke, held han det med eine foten, og riv av små stykke med nebbben. Det er ikkje få gnagarar og anna kjøt som har blitt fortært i løpet av det halve året. Men så er fuglen også blitt tyngre og kvikkare.

### Venta og sjå

Ottar vil nå flytta fuglen til eit noko større rom, slik at han må flyga ned av vaglet for å henta maten.



**Hubroen er ein kraftig fugl med stort vengespenn. Norges største ullenfugl er nå i tydeleg betre form etter godt stell i 1/2 år.**

Kva som skal skje med hubroen seinare, veit han ikkje, men vil venta og sjå.

## Oppussing av helsestasjonen

**Veggen mellom helsesøsterkontoret og venterommet til helsestasjonen er revet. Nytt venterom er tidligere kirkevergekontor.**

Samtidig er døren mellom det gamle venterommet og venterommet til tannlegen/legen tatt bort, slik at helsestasjonen bare har en inngang. Kirkevergen er flyttet inn i kontor nede ved sevicetorget.

Nå er møbler og alt på plass og helsestasjonen har blitt kjempefin. Lyst og luftig, god plass til flere om gangen. Små elevgrupper er det også plass til nå.

Brukerne av helsestasjonen har gitt mye positive tilbakemeldinger på de nye lokalene, og jeg selv er kjempe-



**Markering 4. des med fornøyde medarbeidere: Fv. jordmor Bodil Ljones Auestad, psykiatisk sykepleier Miriam Berland, biblioteksjef Linda Ognøy, undertegnede, seksjonssjef helse, sosial og barnevern Gunn Grønnestad, rådmann Jan Erik Nygaard og seksjonssjef teknisk Hans Faye.**



## "Kjekt på Bokn"



### **Har du god tid og lyst på ein drøs?**

Vil du ha det kjekt på Bokn? Vi legg forholda til rette for ein ny møteplass, der ein kan driva med sosial snikring og anna handtverk samstundes som drøsen går og kaffidunsten heng igjen i nasen.

Tanken er å etablere ei "snikkarbod" på Hognaland, men vi startar opp i første omgang i verkstaden hos Ottar Håland. Der kan ein driva med handtverk saman med sambygdingar, og ha det trivelig i lag. Dette treffet skal foregå ein fast vekedag, men dagen er ikkje fastlagt enno.

Høyres dette kjekt ut? Treng du meir informasjon om kva dette eigentleg er for noko? Treng du skyss for å komma deg dit?

**Meld di interesse til Gunn Grønnestad, tlf. 98221503 helst innan 15. januar.**

### **Kokkekurs**

Vil du lære å lage skikkelig husmannskost eller Gourmetmat? Eller er du berre interessert i sosialt samvær?

Då kan dette være noko for deg.

Kurset blir halde på skulekjøkkenet av Finn Lothe frå Lothes Mat og Vinhus. Varighet er ca. 4 timer.

Pris kr. 500,- pr. for husmannskost-kurset og kr. 600,- pr. for Gourmetmat-kurs.

Begge kursa er sponsa av "Kjekt på Bokn" prosjektet, og blir sjølv sagt avslutta med eit godt måltid.

**Kursdato er for husmannskost:  
fredag 9. februar kl. 18-22**

**Gourmetmat:  
fredag 9.mars kl. 18-22**

**Bindende påmelding til Servicetorget, tlf.  
52 75 25 00 innan 15. januar**

**Først til mølla.....**

# Tur til Finnøy

Johannes Nilssen

**I byrjinga av september tok nokre av oss turen til Finnøy. Bokn Båtforening var invitert til å delta på den årlege Ryfjord-Seilasen.**

Dette er eit arrangement som går av stabelen kvart år, og inneholder kappsegling med gamle og nye trebåtar, kapproing, og sosialt samvær med fagleg innhold for segl- og trebåtinteresserte.

Det er Ryfylke Trebåtbyggjeri som arrangerer dette, og då det er levert to færinger til Bokn frå dette båtbyggeriet, blei me inviterte til å delta på dette arrangementet for å kapro med desse.

Dette takka me ja til, og Torvald Øvrebø med Arild Ognøy som mannskap tok fredags ettermiddag og slepte den eine færingen til Judaberg.

På Finnøy "e det ikkje no geputleri" når dei fyrst går i gong. Dei karane har tatt mål av seg til å byggja meir enn færinger. Denne laurdagen skulle kjølen til ei heilt ny seglskute strekkast!

## Seglskute-prosjekt

Det er bygd ei oppgangssag på plassen (**bildet i midten**) for dette formålet, og ein sabla tømmerstokk blei forvandla til seglskutekjøl mens me såg på.

Dette prosjektet skal og finansierast slik me gjorde med færingen, berre i mykje større målestokk. Dette er eit prosjekt eg muligens skriv litt meir om seinare, når det er litt meir "kjøtt på beinet", eller "fleir bord på spanta" som det kanskje heller burde heite i denne samanhengen.

## Kaproing

Etter at sjølve seilasen med skuter og båtar av forskjellig størrelse og fasong var unnagjort, stunda det til kaproing.

## Eg og Arild skota oss ut til start (**bildet øverst**).

Me valde ytterste bane, slik at me ikkje skulle bli pressa opp i fjøresteinane viss det blei trøngt om plassen.

På startlinja var det både nye og gamle båtar; Nordlandsbåt, Boknabåt, Oselvar og andre.

Startsignalet var eit hagleskudd, og eg tenkte med meg sjøl der eg sat klar med årebladet i vannskorpa, at dei kunne jo skote dei to i Oselvaren, så hadde det kanskje vore mulig å vinna.....

## Nr. to

Hagla smalt og ingen var trufne så det var berre å ta i det beste ein kunne.

Den eine båten etter den andre sakka akterut, men Oselvaren såg ikkje ut til å gje seg, og over målstrekken, med blodsmak i munnen, kom me som nr. to, slått med ei båtlengd av den lettrodde båten fra Os.



Foto: Terje Alvestad



Då vér-meldinga seinare på dagen melde kuling frå sør på sundagen, kasta me loss laurdagskvelden og kryssa fjorden før driftvéret kom.



Konrad og Erik


Konrad, Erik og eg song så det ljoma der me slingra oss heim, til tonane fra "Han innante".

Og me var enige om at det hadde vore ei fin helg.

**Og til neste år ska me ro forbi Oselvaren óg.**

# Kryssord, Sudoku og Wordoku med lokal snert

Her har du litt å kosa deg med i jula. Løysingssetningen fra bildet i kryssordet samt det lokale ordet i wordoku'et kan du senda inn til Bygdabladet, Boknatun, 5561 Bokn, e-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no eller SMS: 98 22 15 08 - innan 15. januar, og du er med i trekninga om konfektesker.



## Wordoku med lokalt ord

		N	G	O
O	G	L	H	Å N
N	H	G		
H	O	E		V
		H	O	L
M		Å	O	L
		M	E	Å
H	N	Å	E	M V
E	Å	O		

## Wordoku

I wordoku gjeld dei same reglane som i Sudoku, med den forskjellen at det her skal brukast bokstavar. Kva bokstavar som skal brukast, er oppgitt ved kvart brett.



## Sudoku

Sudoku er eit puslespel med tal, der det ikkje er nødvendig å vera god i matematikk. Du får presentert 9 kvadrat, som

kvart har 9 ruter.

Målet er å fylla ferdig alle desse rutene med tal frå 1 til 9.

Kvart kvadrat kan innehalda kvart av tala berre ein gong. I tillegg kan kvar vassrette og loddrette linje også innehalda tala berre ein gong.

### Sudoku - lett

9			2		7			
2	5		1	7				
8	7							
3	2		9					
		8	1					
8					6			
		3	5	9				
9					3			
4		7	6		8			

### Sudoku - middels

			3	9				
	7					5		
			7	9	3	1		
6	9							
1	3	5						
4	2	8			7			
6	1				9	3		
1	7							
	2			4				

### Sudoku - vanskeleg

6	3	9			7			
1							6	
	7	5						
3							7	
5		7	9	3				
	6		1			1	8	
8	1							
1	2	3		9				
					2			

**Bygdabladet har fått tilgang til Leiv Våga si slektsbok frå 2004, "Mor og far og dei ti gilde ungane i Loten". Boka er absolutt verdt å sjå i og du kan låna ho på biblioteket.**

**Med løyve frå forfattaren presenterer Bygdabladet ei historie frå ein juletrefest på Hognaland i skikkeleg ruskevér.**

- redaktøren -

## Juletrefest og snøstorm

- Der e lann far, ropa mor, der ho halvvegs stod halvvegs låg over baugen av båten og heldt hønsalykta.

- Eg har sitt det, det e Litla-Kjøynå, svara far rolig. Han sat bak og styrde. Me var på veg frå juletrefest på Hognaland.

- E du sikker på det - me sko helle vore hima, klaga mor.

I rommet mellom dei sat me, fire - fem ungar, med hovudet og litt til framme av presenningen me hadde over oss. Inne i meg hadde eg ei blanding av mor si rødsle og far si ro.

- Me går sørøve langs lann og lure oss gjønå Kjøysonne, sa far.

Kunne han verkeleg veta kva som var sør og nord i dette snøkavet, undrast eg.

- Halt lyktå godt nerforbi bauen så eg ikkje blir blinna, det var far si rolege stemma att.

- Ha klenå gott ront dokke», formante mor, då det kom eit vindkast så me kjende snødrevet svei i andletet.

Ikkje la motoren stoppa, bad eg stille inni meg. Men - der byrja den å sakta farten. Uroa steig opp i meg.

- Nå e me i Kjøysonne. Det går fint dette, hørde eg far seia.

Han hadde sakta ned motoren og kopla av då me seig gjennom det smale sundet. Den vonde klumpen i magen slapp taket att. Men så kom det eit stykke då me var åleine med sjøen, snøkavet og vinden. Lykta blafrå faretruande i dei hardaste vindkasta. Men bak i båten sat far roleg med handa på rorkulten, og Sleipneren tøffa taktfast.

- Nå ska me snart vara me stagane, sa far.

Og sanneleg, ut av snøkavet dukka to svarte rusta jernstolpar. Eg stokk ganske. Dei såg så veldig store ut.

- Det letta nå, fortsette far.

Og ganske rett det og. Det vart lenger og lenger mellom snøfillene, og vinden stilna litt. Far gav motoren «sugen», og snart var me forbi Linnerabbskjeret. Me dreia bortover mot Bispen og Dynå og over Storevågen til sjøhuset.

Opplevingane frå festen byrja å overta i tankane. Ståket og styret då me kledde oss. Fjesa fekk eit kort vask - storvasken hadde me hatt i stampen før jul. Dei nysydde kjolane kom på småjentene. Mor var så glad. Ho hadde fått nok til tre stk. av den «stuen» ho hadde kjøpt på marken i haust. Eg for karsleg rundt i spillers nye nikkers som ho Martha Are hadde sydd.

Far, som hadde stelt fjøset først, var den siste som var ferdig. Men snart var alle på plass i båten og på veg til Hognaland. Arsbåtane var allereie komne. Dei var vel med i komiteen einkvan. Vegen oppover til

bedehuset gjekk lett. Kjellardøra stod på gløtt. Koner i kvite forklede hadde det travelt der inne. Alle border stod fulle av porsjonar med mat. Mat- og kaffilukta kitla i nasen då me passera. Opp i den vesle gangen var det mykje styr. Ytreklede og kalosjer skulle av, hår skulle greiast og nasar snytast før me kunne gå inn.

For eit stort juletre. Toppen rakk langt over jernstonga der lyktene hang. Varmen frå den store runde omnen stakk litt i andletet då me gjekk forbi. Snart hadde alle funne seg plass på benkene i salen, i vesletova, og nokre ungdomar som skjemdest litt i trappa opp til loftet.

Ei herleg kjensle - lyst og fint - varmt og godt - lukta frå juletree - godlyndte uttrykk i vaksne sine ansikt og forventningane i barneaugo - alle i sin finaste stas. "Eit barn er født i Betlehem" tona i huset. Ho Ingeborg Glesnes hadde verkeleg fått stimen opp i det gamle trøorgellet. Himmelten kjendest så nær. Eg trur eg såg englar sveva under taket.

Talen hugsa eg ikkje så mykje av anna enn at den var svært lang. Skulle me ikkje gå rundt juletree snart? Og endeleg hadde talaren bedd seg ferdig. Benken vart stabla langs veggene, tre i høgda. Me små kom i innarste ringen med eit par større med oss til å styra farten. Tre ringar vart det. "Jeg er så glad hver julekveld" - "O, jul med din glede" - "Glade jul" - me tok dei for oss.

Til tider gløymde eg å syngja. Det var så mykje spanande pynt på juletree som måtte studerast. Så store lys dei brukte. Dei var surra til greinene med kvite tråd av bomull. Der var det eit som var litt skeivt. Talgen byrja å renna nedover lyset. Neste runde hadde det nok byrja å drypa på golvet. Men der vart det sløkt av einkvan.

- Nå synge me bordvers, sa han Jens.

Like etterpå var dei der - konene og mennene i komiteen med sinkstamper fulle av porsjonar med mat og med kaffi- og mjølkemugger. Eg visste nøyaktig kva som låg på asjetten som var innpakka i ein kvit serviett: Ei skive med pølse, ei med kvit ost, ei med egg og ansjos, ei julebrødkrive, og der låg han, sukkeressen, gul og fin med eit kvitt skjær av strøsukker,

- Skjevene fysste, hørde eg nokon mumla. Mot slutten av matøkta hadde me opplesing, før neste tørn med juleregong starta.

Då det leid på vart ungane trøyte, og dei vaksne og ungdomane byrja å gå rundt juletree par for par. Mange var svært interesserte i kven av ungdomane som gjekk i lag. Det gjekk an å laga rykte av slikt.

Han var tunge sjøbakken. Det hadde snøa ganske

mykje. Men snart var me heime i stova.

- Nei, har de slept ut i ogen, klagar mor til dei eldste syskena mine som hadde vore heime og passa på den aller minste. Høyrespelet hadde nett vore i radioen, og då ville dei ikkje gå etter torv. Men framleis var det nokre små glør att i omnen, og med nokre vedpinnar og ei lause torva vart det snart god fyr.

Ikkje så lenge etter var me på plass under dyna. Oppvarma strykejern gav varme i kalde føter. Det knasa litt i madrassen før rompa glei ned i den vesle gropa som allereie hadde danna seg i halmen som var skifta like før jul. Han Jon Blund kom snikande før kveldsbøna var bedd til ende, og snart var me i draumeland.



På dette flotte bildet frå boka er det langt frå snøstorm. I vinterlandskapet frå Loten heiter steinen til høgre i biletet Kjerringa. Den kan ein sjå både frå vestsida og austsida av Lodalandet. Den vart mykje bruka til mé under fiske. Elles så ser me marka sørover mot festninga og Boknafjorden.

Foto: Eli Våga

## 17. mai for 52 år sidan

Reidar Alvestad

**Nedanfor er eit referat frå lagsavisa "Ekko" frå 17. mai-feiringa i 1954. "Ekko" var Bokn ungdomslag si lagsavis.**

"Ca. 150 personar med smått og stort hadde møtt fram på kaien i Føresvik då startsignalet for roarane gjekk kl. 10.10 frå Tåganes. Av dei 3 roarlaga med guitar, vart Kjell Sæbø og Arvid Håland best. Gjentene måtte slepa etter motorfartøyar så pass til luert for kaien i Føresvik at dei fekk vinden i enden av båten. (Dei likar seg ikkje når dei får motbør).

Denne gongen var det nordavinden som gjekk dei imot. Med dei flaggsmykka båtane som låg til kaien og alle motorbåtane som fylgde etter roarane, var dette ein fin start av 17. maiddagen.

Barnetoget (Folketoget) stilla opp med to flagg og to trekkspel. 17. mai-nemnda skal få ære for det at dei fekk musikk til toget og ikkje minst at dette er noko nytt her. Vonar at dette må eta om seg frå år til år, såleis at ein til komande 17.mai, har i tillegg til trekkspel, tromme. Til dette kunne om ein ikkje hadde noko anna som var meir høveleg, brukar ei tom parafintønne e.l. Heller om ein henstilla til lærarane i heradet at dei gjekk i brodden for eit guttemusikkorps-(blåseorkester). Dette ville skapa meir liv og nasjonal rørsle over toget. Hurra-rop må ein heller ikkje gløyma. Toget svingar inn på skuleplanen

og stansar utaføre skulehuset. Det vart sunge "Gud signe vårt dyre fedreland". Gløym ikkje å taka av hatten eller luva av for fedrelandssongane våre, likeeins hendene or bukselommane—ikkje med sigarett eller pipe i munnen.

Så var det barneleikane. Dette er noko borna glær seg til langt før 17. mai-dagen kjem. De som er skulelærarar, har Dykkar plikter for den dagen også. Den største gleda ville De sjølv få, dersom De kunne gjere noko til slik at borna kunne få gode minner frå 17. mai når dei tenkjer seg attende seinare i livet. Barneleikane var godt førebudde og borna fekk glede av dei. Dette skal frk. Lode få den meste takk og ære for. Den pausen som kom etter barneleikane, burde ikkje vore, der var ungdomar nok som kunne vore med og utnytta den.

Fotballkampen mellom herad- og skulestyret vakte spenning frå tilskuarane. Skulestyret vann 1 - 0. Ved premieutdelinga på festen om kvelden fekk dei ein kaffikjel."

**Referatet trur me er skrive av Heine Søndeland, sidan det er funne der. Men me er ikkje heilt sikre.**



## Informasjon om legetenesta

### Bokn kommune forlenger samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas i januar og februar.

Bokn kommune er no tildelt ein heil legeheimel, og kommunlegestillinga er under utlysing med søknadsfrist 10. januar. Vi har difor forlenga avtalen med dr. Fazekas om at han skal ivareta pasientane frå Bokn. Han flyttar til nytt kontor i 2. etg. i Aksdalsenteret i månadsskiftet januar/februar, men inntil neste bygdablad kjem ut, kan de bruka:

### Hegren legesenter på tlf. 52 75 88 00 når de treng lege.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbuddt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekontoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekontoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

### Er det elles noko de lutar på når det gjeld lege-ordninga, kan du ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03

Med helsing Gunn Grønnestad

## Kurs i Massasje til heimebruk

Kurset går over 10 kveldar a 3 timer

Kursstart første del av januar

Påmelding snarast eller innan 10. januar

Kurspris kr. 500

**Ingunn Are, tlf. 52 74 84 41**

## Ledig omsorgsbustad i Bokn

### Det er ledig ein omsorgsbustad på 51,5 m fra 1.februar.

Bustaden ligg i Foresvik, og er tilrettelagt for funksjonshemma personar. Lite uteplass mot sør, felles utebod i tillegg til bod i leiligheta. Bustaden eigner seg både for einslege og ektepar, og er umøblert.

Husleiga til bustader av denne storleiken er sett til kr.3.500,- pr.måned. Bustøtteordninga kan redusere buutgiftene. Bustøtten vert individuelt berekna ut i frå kriteriar som inntekt, alder og om ein bur aleine.

**Søkadsfristen er sett til 10. januar 2007.** Du får søker-skjema i Servictorget eller hos seksjonssjefen.

**Treng du oppl., kan du ringa Gunn. Gr.stad på tlf. 98 22 15 03.**

## "Kjekt på Bokn" - logokonkurransen

Kjekt på Bokn er den nye kommunevisjonen. Prosjektet har fokus på

1. Fleire arbeidsplassar
2. Førebyggjande helsearbeid
3. Ta naturen i bruk



Ein ynskjer å få inn forslag til ein god logo. Juryen består av leiarane for desse tre gruppene.

Det beste bidraget blir premiert. Send inn forslaget til:

**Bokn kommune, 5561 Bokn  
postmottak@bokn.kommune.no**

## Frisørgården på Boknaberg

Ønsker dere alle en riktig god jul og et godt nytt år!

Minner om åpningstidene: Tirsd. og torsd. fra kl. 9.00

**Tlf. 52 74 85 34 - 99 32 55 34 - Julehilsen fra Anita**

## NAV Karmøy arbeid med kontordag i Bokn

### Frå torsdag den 11. januar 2007 og annakvar torsdag framover, vil ein representant frå NAV Karmøy arbeid vera å finna på NAV Bokn trygd sitt kontor i Boknatun.

#### NAV- kontor i alle kommunar

Mange blir kanskje forvirra av det nye namnet på aetat i Kopervik som nå heiter **NAV Karmøy arbeid**.

Likeeins heiter trygdekontoret i Bokn nå NAV Bokn trygd. Namneendringa er ein konsekvens av at trygdeaten og aetat frå 1.juli i år vart omdanna til ein etat under den nye velferdsetaten NAV. Når alt er på plass innan utgangen av 2009, er også sosial-kontora i kommunane gått inn i dei nye NAV-kontora.

#### Føremål med reformen

Fram til nå har det vore slik at brukarar av sosial-kontor, aetat og trygdekontor har mått pendla mellom dei tre ulike kontora når det gjeld samansette problem knytta til arbeid, trygd og sosiale tenester. Føremålet med å gå saman til ein etat, er at ein ynskjer å hjelpe fleire i arbeid og aktivitet, og at det skal vera færre på stønad. Det er også eit mål om at det skal bli enklare for brukarane, og vera tilpassa deira behov. Den nye etaten skal bli ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

#### Reform over tid

Så er det slik at dette ikkje er gjort over natta. Denne hausten starta ein opp med såkalla pilotkontor i kvart fylke. I Rogaland var det Strand som vart pilotkontor. Framover til

utgangen av 2009 skal så alle kommunar ha eige kontor, eller samarbeida med andre kommunar om kontor. Det vil seia at i løpet 2007, 2008 og 2009 skal alle kommunane ha oppretta NAV-kontor. For Bokn sin del ser det ut til at eige NAV- kontor vil bli realisert i 2009.

#### Førebuing

I mellomtida skal NAV Bokn trygd og sosialkontoret samlokalisera i det som skal bli vårt NAV-kontor. Dette vil ligga i lokaler som SR-bank i dag eig og som kommunen skal overta. Hit kjem også servicetorget pluss at SR-bank framleis blir å finna der. Når det blir ferdig, vil det medføra at også banken vil få opningstid alle arbeidsdagar.

NAV Karmøy arbeid blir å finna annakvar torsdag hos NAV Bokn trygd frå 11.januar 2007. På desse dagane vil dei gi tilsette i Bokn sitt framtidige NAV-kontor opplæring innafor arbeidskontoret sine tenester, pluss at dei vil yta tenester knytta til oppfylgjing av arbeidsledige. Slik sett vil ein i ventetida på eige NAV-kontor prøva å gi samla tenester og oppfylgjing av arbeidsledige tettare enn før ved eit utstrakt samarbeid mellom dei tre etatane.

**Ynskjer du kontakt med representanten frå NAV Karmøy arbeid den 11.januar eller seinare vedr. arbeid og oppfylgjing, kan få time ved å kontakta NAV Bokn trygd på tlf. 815 81000.**

Reidar Alvestad

## TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt innmark  
Kr. 170,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes  
4150 Rennesøy**

**51 72 31 33**

**900 16 817**



## Arsvågen Kro & Gardsmat as

KJØTT OG GARDSPRODUKTER

**5561 BOKN**

Tlf. 52 74 80 00 - Fax 52 74 80 01

### ÅPNINGSTIDER JULE OG NYTTÅRSHELGA

Julaften 09.00 – 12.00

1. juledag stengt

2. juledag 12.00 – 20.30

Nyttårsaften 09.00 – 12.00

1. nyttårsdag 12.00 – 20.30

Vi ønsker alle våre kunder en riktig

God jul og et godt nytt år.



## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie  
90 92 49 64

Kjell Frode Lie  
90 78 37 97

Mandag til torsdag  
09.00 - 17.00  
Tlf. 52 74 83 16

## COOP BOKN

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial

- Bensin–Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

Fredag 09.00 - 18.00  
Lørdag 09.00 - 14.00



## HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Ønsker gamle og nye kunder god jul og godt nytt år!

Mona

**Oppvaskemaskinen** vår på Bedehuset fungerte ikke lenger så vi måtte kjøpe ny. Bankkontoen vår er ikke så velfult at vi har kr. 30.000,- til å betale med.

Vi vil då be om pengestøtte store som små slik at vi kan betale maskinen. **Pengene overføres til kontonr: 3373 60 02391. På forhånd takk.**

Helsing styret

Endringar i renovasjonsrutene i

### JULE- OG NYTTÅRSHELGA



Rute mandag 25. desember - 1. juledag -vert keyrt **onsdag 27. desember**.  
Rute tysdag 26. desember - 2. juledag -vert keyrt **torsdag 28. desember**.  
Rute mandag 01. januar - 1. nyttårsd. -vert keyrt **tysdag 02. januar**.

Pga ekstrainnkøyringa må alle dunkar som skal tømstā stå ved vegen seinast kl. 07.00 på hentedagen.

Ved snø og holkefare er abonnementen sjølv ansvarleg for å måka fram dunken og strøya slik at renovatørane kan utføra jobben på ein tilfredsstillande måte.


Hugs at det er eigne containerar for papp og papir på miljøstasjonane.

**God Jul og Godt Nytt år!**




**HIM** Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

NO-5574 Skjold telefon: 52 76 50 50 e-post: him@him.as



**coop**  
marked



## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
Smertebehandling med nåler.  
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.  
**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.  
**Enkelte laurdagar etter avtale.**  
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.  
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33  
**Rita Jensen - fotterapeut**



Arbeids- og velferdsforvaltninga

### NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 - 14.30  
Telefonsid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 - 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00  
kl. 9.00 - 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 80

**Marita Ølund - tannlege**

Stort forsidebilde:

Feliz Navidad - god jul frå Gisela Strand & Bokn brass  
Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.  
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

### BYGDABLADNEMND

Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland  
Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør  
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar@bygdabladet.no  
Reidar Alvestad, journalist  
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: reidar@bygdabladet.no  
Linda Ognøy, medarbeidar  
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: linda@bygdabladet.no

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartsida	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

#### Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.  
E-post: [postmottak@bokn.kommune.no](mailto:postmottak@bokn.kommune.no)



**Biblioteket er stengt t.o.m. 2. januar**

**God jul og godt nytt år!**

## Utøy på Bokn skule. Bokormar observerte i gangane!

Kjetil Hamre

### Også i år har skulen samarbeida med biblioteket om leseprosjektet "Bokormen".

5., 6. og 7. klasse har i løpet av få månadar lese 101.708 sider, noko som gir eit gjennomsnitt på 2.677 sider pr elev!

Leserekorden fra i fjor vart knust med over 30.000 sider.

Eg samla nokre elevar under avslutningsfesten for å høyra kva dei syntest om prosjektet. Ein ting var dei alle einge om og det var at det å få fri frå vanleg klasseundervisning og heller lesa var svært kjekt.



Passe skummelt om Roald Dahl.

### Kjærleik og krim

Kva dei las var så ymse, men klissete kjærleiksromanar og litt krim sto høgt i kurs. Dei las óg boka ut meinte dei sjølve og med ein streng overdommar i Linda på biblioteket er det ingen grunn til å tvila på deira ord der.....

Ei ordning der eleven kunne få byta bok etter å ha prøvelese 20 sider viss ho ikkje fall i smak sikrar óg leselysta.

Sjølv om dei likte å lese om kjærleik var det ikkje mykje romantikk på skulen, meinte elevane knisete, så litt hvisking i korridorane om gutter og jenter er det nok! I den digitaliserte verda lurte eg på om dei heller ville velge film framfor bok, og alle var enige om at å sjå film etter å ha lese boka kunne vera

spanande. Å sjå filmen og så lese boka ga ikkje same utbytte, meinte dei.

**Avslutningsfesten** starta med at Jan Sollid las frå Roald Dahl sin sjølvbiografi "Gutt", og det ga sterke inntrykk når Dahl fekk smaka spanskroret. Ein spørrekonkurranse fylgte så før pizza stod på menyen.

Etter første matøkt var det



leiker i gymsalen der underteikna måtte spela rolla som skurk.

Ny matøkt stod så for tur der ein sjokoladebokorm og is vart fortært. Premierung og ros kom så. Alle var vinnarar denne kvelden og det var velfortent.

Den største overraskinga var nok at alle vart inviterte på "Annie" på Festiviteten rett over nyåret, den 11. januar.

Det var eit svært velukka arrangement og ei verdig avslutning på eit prosjekt eg håpar både skule og bibliotek tek opp til neste år!



7. klasse med premie for klassen med mest leste boksider.